

Felles avfallsplan for småbåthamner i Modalen kommune



Utarbeida første gang	10.09.2019
Sist revidert	

Plan for mottak og handtering av avfall i småbåthamner

Planen er forankra i *forskrift om avgrensning av forureining* (forureiningsforskrifta) kapittel 20 (FOR-2004-06-01-931) som handlar om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle kommunar har etter forskrifta ei plikt til å utarbeide ein felles avfallsplan for hamner i eigen kommune, både private og kommunale, som hovudsakleg mottek hushaldningsavfall (heretter kalla småbåthamner), jf. forureiningsforskrifta § 20-6.

Avfallsplanen skal verne det ytre miljø ved å sikra etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall frå småbåtar / lystbåtar, og å sørge for at avfall frå desse blir levert til mottaksordning i hamnene. Planen omfattar avfall som har oppstått om bord i båten. Forskriftens definisjonar for ord og utrykk er brukt i denne planen.

Denne avfallsplanen omfattar 3 småbåthamner med om lag 94 småbåt plassar i Modalen kommune (tabell 1).

Tabell 1: Oversikt over hamnene

Nr	Navn på småbåthamn)	Namn på hamneansvarleg	Anta ll båt- plass ar	Gjest e- plass r	Motta k av rest- avfall	Kilde- sorte rt avfall	Motta k av farleg avfall	Kommen tar*	Har hamnean sv gjeve samtykke til elektronisk godkjennin g av planen?	Telefon Nummer Epost
1	Seljaneset(Privat/Kommunal Modalen kommune/Grunneigarar/hytteeigarar GBNR 73/1 - UTM 32, Ø: 321633, N: 6741032	Tone Selmer Skuggevik	16	?	Ja	Nei	Nei	Ingen representant for dei andre	Ja	Tlf 56 59 90 06 Mob 920 43 233 tone.selmer.skuggevik@modalen.kommune.no
2	Mo båthavn Modalen kommune er eigar/ Drift Mobryggja – GBNR 76/20	Tone Selmer Skuggevik		48	Ja	Nei	Nei		Ja	Tlf 56 59 90 06 Mob 920 43 233 tone.selmer.skuggevik@modalen.kommune.no
3	Otterstad båthavn Modalen båtlag.Privat GBNR 77/68	Anders Brørvik	30		Ja	Nei	Nei	Bosskont einer ved kai Otterstad		952 03 124 ab.snekkefart@yahoo.no

Mottaksanlegg

Det er tre småbåthamner i Modalen og dei er små i storleik. To av hamnene vert stort sett brukt av fastbuande og hytteeigarar, hamna på Mo er ei gjestehamn. Båtane er generelt mindre fritidsbåtar, der brorparten er båtar til hobbyfiske og tilkomst til hytter utan veg. Det er difor ikkje store behov for mottaksanlegg.

Hamn nr. 1 har 16 båtplassar og vert nytta av både grunneigarar, hyttefolk og kommunen. Her er det mottak av restavfall på fastlandssida og denne vert tømt to gonger i veka i somarferien. Elles i året kvar veke.

Hamn nr. 2 er eigm av Modalen kommune og har 48 gjesteplassar, Mobryggen Drift AS administrerer utleige. Hamna ligg i Mo sentrum og her er bosscontainer for restavfall som vert tömt kvar veke.

Hamn nr. 3. Båthamna har 30 båtplassar og har bosscontainer like ved kai. Denne vert tömt kvar 14. dag.

Der er same mottaksordning som resten av kommunen. Tømming av restavfall skjer annakvar veke.

Ingen av hamnene i planen har mottak for farleg avfall som definert i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall kapittel 11, § 11-2 og vedlegg 1(Den europeiske avfallslisten) og vedlegg 2 (Kriterier som gjør avfall farlig) til kapittel 11. Farleg avfall skal leverast på eit bemanna mottak av kvar enkelt bådeigar. NGIR gjenvinningsstasjon tek imot farleg avfall.

Det er etter kommunen si meinig ikkje behov for ytterlegare mottaksordningar i småbåthamnene i Modalen. Dersom det vert ei auke i gjesteplassar eller auka besøk i sesongen til nokre av båthamnene vil det vera naturleg å fortløpende vurdera behovet for auka kapasitet for avfall.

Hamneansvarleg i kvar enkelt hamn er ansvarleg for å stilla med tilstrekkeleg mottaksordning. For småbåthamnene med etablerte fasiliteter for mottak av avfall, er omkostingane ved avfallshåndteringen inkludert i årsavgift/hamneavgift.

System for melding om utilstrekkelig mottaksordning for hamna

Dersom det viser seg at mottaksordninga er utilstrekkeleg for hamna, kan skjema (vedlegg 1) nyttast og sendast hamneansvarleg. Hamneansvarleg er ansvarleg for at småbåthamna har tilstrekkeleg mottaksordning for avfall frå småbåtane.

Involvering av aktuelle parter

Kommunen er ansvarleg for oppdatering av plan. Ved behov for kontakt vil kommunen kontakte aktuelle hamner per e-post eller telefon. Henvendelser til kommunen kan sendast til postmottak@modalen.kommune.no. Ved rullering av plan vert partane kontakta på e-post.

Planen og opplysninga om dei ulike avfallsmottaka vert publisert på kommunen sine heimesider, kvar hamn skal ha informasjon om avfallsmottak til sine brukarar.

Samandrag av relevant regelverk

Forureiningsforskrifta

Forskrift om avgrensning av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 20,(FOR-2004-06-01-931) forskrift om mottak av avfall og lasterestar i frå skip. Forskrifta blei først vedteke 12. oktober 2003 som ei implementering av EUs direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, direktiv 2000/59/EF 27. november 2000, endra ved direktiv 2002/84/EF.

Forskrifta inneberer mellom anna at:

Alle hamner skal ha ein avfallsplan som skal utarbeidast i samråd med aktuelle partar, spesielt brukarar av hamna. Planen skal godkjennas av fylkesmannen minst kvart tredje år.

Hamneansvarlege må etablera mottaksordningar i henhold til planen.

Båtførar må gjere seg kjend med kva avfallsordningar som er i hamna.

Dersom båtførar meiner hamna ikkje har tilstrekkelege mottaksforhold for aktuell avfallstype, kan dette formidlast til hamneansvarleg som etter nærmare prosedyrar følgjer opp dette.

Sjøfartsdirektoratet og fylkesmannen er ansvarlig myndighet og fører tilsyn med at føreseggnene i forskrifter vert følgt.

I forskrifa er fleire relevante omgrep definert. Definisjonane er repetert her for å sikre at alle aktuelle parter er gjort kjent med desse.

Definisjonar

1. *avfall frå skip*: ein kvar form for avfall, her under kloakk, og andre restar enn lasterestar som oppstår medan eit skip er i drift, og som omfattast av vedlegga I (olje), IV (kloakk), V (søppel) og VI (utsipp til luft) til MARPOL 73/78,¹ og lasterelatert avfall som definert i retningslinjene for gjennomføringa av vedlegg V til MARPOL 73/78,
2. *lasterestar*: restar av lastematerial i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, dette gjeld også restmengder og søl ved lasting/lossing,
3. *skip*: ein kvar type sjøgåande fartøy som opererer i det marine miljø, inklusive hydrofoilbåtar, luftputefartøyer, undervannsfartøyer og flytande innretningar,
4. *fritidsbåt*: alle flytande innretning som er berekna på og i stand til å bevege seg på vatn, og som brukast utanfor næringsverksemد,
5. *hamn*: ein stad eller geografisk område som er utstyrt med innretninger og utstyr som gjer det mogleg å motta skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy,
6. *norsk hamn*: hamn som er undergitt norsk jurisdiksjon, også på Svalbard og Jan Mayen,
7. *EØS-område*: i denne forskrifa skal ein henvisning til EØS-området også gjelde som ein henvisning til Svalbard og Jan Mayen,
8. *hamneansvarlig*: den som driv hamna. Den ingen driv hamna, er eiger av hamna å rekne som hamneansvarlig,
9. *mottaksordning*: alle innretningar som er eigna til å ta i mot avfall eller lasterestar frå skip. Dette inkluderer stasjonære innretningar, så vel som flytande og mobile einingar,
10. *rutegåande skip*: skip som transporterer passasjerar eller last mellom bestemte stader eller bestemte strekningar, til fastsette tider.

Skipssavfallsdirektivet

Direktiv/2000/59/EF (skipssavfallsdirektivet) omhandlar mottaksanlegg for skipsavfall i hamner, også skipets plikt til å levera avfall og til å gje førehandsvarsel om avfallslevering. Direktivet har som målsetjing å beskytta havmiljøet ved å redusera utslepp av skipsavfall og lasterestar frå skip, gjennom å betre tilgangen til og bruken av avfallsmottak. Direktivet gjelder i utgangspunktet for alle skip, uansett storlek, som nyttar hamner innanfor EU-området. Tilsvarande gjelder direktivet for alle

hamner som normalt tar i mot skip som omfattast av direktivet. Skip er i henhold til direktivet definert som eitkvar sjøgåande/havgåande fartøy, og virkeområdet til direktivet er difor avgrensa til hamner tilknytt saltvatn.

Avfallsforskriften

Avfallsforskriften kapittel 11 om farleg avfall er heimla i forureiningslova og innebærer også at skip og hamneansvarlege må forhalde seg til denne. Forureiningslova vart endra med virkning frå 1. juli 2004. Etter lovendringa betegnes forbruksavfall frå næringslivet som næringsavfall.

Den som besitter farlig avfall skal deklarere mengde og type på eigna deklarasjonsskjema.

Deklareringsplikten gjeld kun for verksemder. For øvrig gjelder det ei plikt for alle til å handtere avfall forsvarleg.

MARPOL

MARPOL 73/78 er ein internasjonal konvensjon om hindring av forureining frå skip med seinare endringer som fastsett kva former for avfall det er forbode å sleppe ut i havmiljø, og som krev at det ligg føre tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner.

Spesielle lover, regler og bestemmelser for hamner og skip

Nedanfor listes opp enkelte lover og forskrifter som også regulerer forhold vedrørende avfallshandtering i hamner og på skip, utan at desse er gjengitt i vedlegg eller omtales nærmere:

- Lov om Skipssikkerhet (skipssikkerhetsloven) av 16. februar 2007 nr. 9
- Forskrift om forbud mot utslipps av kloakk m.m. fra skip i vassdrag og kystnære områder av 12. juni 1998, nr. 663
- Forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretninger av 30. mai 2012 nr. 488
- Forskrift om begrensning av forurensning av 1. juni 2004 nr. 931 kap 21 om forbud mot forbrenning til sjøs
- Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 9. juli 1992 nr. 1269
- Forskrift om transport av farlig last om bord på norske skip av 8. desember 2009 nr. 1481
- Eventuelle vedtekter for den enkelte havn (må ikke være motstridende med krav i forurensningsforskriften kap. 20 om levering og mottak av avfall og lasterester fra skip eller øvrige bestemmelser i lov eller forskrift)

1. Vedlegg 1

2. Avviksskjema for påstand om utilstrekkelege mottaksforhold

Hamn (namn på hamn): _____

Hamneansvarlig: _____

Evt. ansvarlig for avfallshandtering _____

Frå kva krav eller ka for ei lov / forskrift / intern prosedyre / instruks er det avvik?

Beskriv avviket: _____

Forslag til tiltak: _____

Avviket oppdaga (dato): _____, Skjema utfylt av: _____